

Fullt hus på Sundagsakademiet denne gongen òg!

Sundag 6. oktober hadde Sundagsakademiet besøk av forteljekunstnaren Anne Elisabeth Skogen. Ho tok oss med på reise «Med Restauration til Amerika» – det fyrste norske emigrantfølgjet som segla over Atlanteren

til Amerika i 1825. Så fasinerande var det å høyra på, at ein nesten var om bord på skipet.

Sjølv om ho bur i Sand i Ryfylke, er ho mykje på Tysnes – nærare bestemt på Amland der ho og mannen Ernst Berge Drange har fritidsbustad.

Heime i Sand driv ho verksemda «Forteljarkokereiet» der ho tilbyr sine forteljingar. Ho er såleis stendig på turnear. Ein tur til USA har ho vore òg – der ho var innom fleire av delstatane med forteljingane sine.

På biletet er ho saman med båt- og fartøyeksperten Harald Dalland.

Øg som vanleg på Sundagsakademiet – herleg kafimat av Bondekvinnelaget!

AV OLAV SKJELLEVIK



TETT I TETT: Studentbustad i Moldova.



GRATULERER



7 ÅR

Louise Vermedal Lunde - 10. okt.
Gratulerer så mye til en sporty og blid jente som lett går helt til Uggdalsvarden i regnvær!
Bursdagsklemmer fra pappa, mamma og storebror Johan



SØNDAGSORDET

**Guds-
frykt med
nøysemd**

LUK 12, 13 – 21

AV HILDUR HEIE

I ein av lesetekstane for søndagen, i 1. Tim 6, v. 6 står det slik: «Ja, å frykta Gud og vera fornøgd med det ein har, er ei stor vinning».

Ja, det er ein livskunst å vera fornøgd med det ein har. Det er ofte mykje lettare å syte og klage for det ein ikkje har.

I preiketeksten står det om ein i folkehopen som ville prøve å få Jesus på si side i ei arvesak, men Jesus avviser å gå inn i ei slik rolle. I staden henvender han seg til høile